

Sjukehusapoteka Vest HF
 Møllendalsbakken 9
 5021 BERGEN

Vår ref.: 2013/863 - 5159/2013

Deres ref.:

 Saksbehandler:
 Synnøve Serigstad, 51963811

Dato: 10.12.2013

Mål for risikostyring 2014 og reviderte retningslinjer for risikostyring i Helse Vest


Styret i Helse Vest RHF vedtok i styremøte den 4.12.13 følgjande felles mål med delmål for risikostyring i 2014 (Styresak 134/13 B):

	Styringsmål	Delmål
1	Talet på skadar som kan unngåast i helse-tenesta i Helse Vest skal halverast innan 2017	<p>Program for pasienttryggleik i Helse Vest 2013-2017 er godt forankra i leiargrupper og kjend i resten av organisasjonen.</p> <p>Tiltak i programmet blir implementert lokalt i helseføretaka så snart dei blir overleverte frå prosjekt til linje.</p>
2	Helse Vest har eit kvalitativt godt og heilskapleg behandlingstilbod innan psykisk helsevern og rusbehandling/TSB	<p>I psykisk helsevern og rusbehandling/TSB får pasientane tilfredsstillande oppfølging for å ivareta kontinuitet og for å unngå brot i behandlinga.</p> <p>Pasientar med samtidig rusliding og psykisk lidning får eit samordna og integrert behandlingstilbod.</p> <p>Barn og unge som har behov for det, blir møtt med tidleg hjelp tilpassa situasjonen deira.</p>
3	Pasientar skal få tilgang til spesialisthelsetenester i samsvar med lov og forskrift	Helseføretaka må sikre god utnytting, organisering og bruk av poliklinikkane.

Det vart ikkje vedteke mål for Sjukehusapoteka vest HF og Helse Vest IKT. Helseføretaka skal rapportere risikovurderingane sine til styra kvart tertial. Det skal gjerast greie for arbeidet med risikostyring i føretaket i årleg melding til Helse Vest RHF.

I styremøtet vedtok styret i tillegg reviderte retningslinjer for risikostyring i Helse Vest. Desse er lagt ved brevet, og endringane er markert med rødt skrift.

Med helsing



Ivar Eriksen
Eigardirektør